



Notat

Dato: 23.11.2018
Arkivsak: 2017/13734-30
Saksbehandlar: annvabo

FUV sin handsaming av klage på avslag om samtykke til handelsareal i reguleringsplan for Smålonane - Fjell kommune

Utval for kultur, idrett og regional utvikling handsama fråsegn til reguleringsplan for Smålonane i møte 18.06.18, PS 90/2018, og fatta vedtak om motsegn til planen. Grunngevinga var at planforslaget legg til rette for 19 000 m² med bilbasert handelstilbod, og at planen vil vere med å svekke tilhøvet for handel i sentrum av regionsenteret Straume og bidra til auka biltransport, i strid med regionale føringar og nullvekstmålet.

Fylkesutvalet handsama søknad om samtykke til handelsareal i reguleringsplan for Smålonane i møte 21.06.18, PS 179/18, og fatta vedtak om å ikkje gi samtykke. Tiltakshavar klaga på vedtaket i brev av 13.09.2018.

Fylkesutvalet handsama i møte 22.11.2018, PS 279/2018, klage på avslag om samtykke til handelsareal i reguleringsplan for Smålonane, og fatta følgjande vedtak:

- 1. Fylkesutvalet tek ikkje klagen til følgje, og det vert ikkje gitt samtykke til forretningsområde på Smålonane slik det er søkt om. Å opne for eit breitt handelstilbod på Smålonane vil vere med å svekke tilhøvet for handel i sentrum av regionsenteret Straume og bidra til auka biltransport.*
- 2. Det vert gitt samtykke dersom føresegnene i reguleringsplanen vert endra i samsvar med unntaka i den regionale føresegna.*

Ettersom klagen ikkje vart tatt til følgje vil den bli oversendt til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) for endeleg vedtak.

Vedlegg

- 1 Handsaming av klage på avslag om samtykke til handelsareal i reguleringsplan for Smålonane, Fjell kommune